



TUR NUMMER 1

Norheim

Turen startar ved Storstova og går vidare bak Time rådhus, som vart bygd på ei utfylling i Frøylandsvatnet i 1964. Fyrste strekket går på gangstien langs Rørvika. Her kan du nyte fuglelivet i det freda området. Turen går vidare til Arne Garborgs veg og til Nyland barnehage der stien går inn til venstre mellom husa. Denne stien tek deg til Kvåle, eit område som inneheld store funn frå fortida. Her har det vore drive jordbruk i over 6000 år.

Vidare går turen gjennom det som er att av "Ungdomsskogen" til Maurtua barnehage. Du er no på Norheim, som har gitt namn til denne turen. Norheimsgarden som du ser mot nord, var tidlegare lensmannsgard. Turen går vidare på merka rute til Eivindsholtjørn («Tjødnå») og gir deg ein flott runde rundt vatnet. Deretter kjem du opp til Rudlå, som gir fin utsikt i alle retningar. Avslutningsvis går turen langs Rosseländ skule, forbi Høguset og tilbake til Storstova.

Fakta om turen

Lengde: ca 7,5 km

Tilpassa barnevogn

Belysning (enkelte unntak)

Teiknforklaring

-  Barnehage
-  Togstasjon
-  Utsiktspunkt
-  Badeplass

